



Den nye dissa vart populær. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Oppvekstsenteret i Uskedalen har etter kvart fått eit velutstyrt og allsidig ute-tilbod og no blir det enda betre. Under ein dugnad tysdag monterte foreldre til første-, andre- og tredjeklassingane ei ny og elegant dissa og to bordtennisbord og onsdag vart dei nye tilboda teke i bruk av begeistra elevar.**



Bordtennis - ein ny og populær sport i Uskedalen? (Foto: Ola Matti Mathisen)

Laurdag skal foreldre til elevane i klassane frå fjerde til sjuande i aksjon og fullføra verket så langt som det er planlagt før denne sommarsesongen.

Mellom anna skal det fyllast på singel, leggst nye stokkar og ny ramme rundt rutsjebana.

Den nye dissa kom til erstatning for den gamle, som ikkje var lovleg fordi den var kreosotbehandla. Under tysdagsdugnaden var det også rydding i grillhytta.

- Men det er viktig å presisera at det er FAU som har ansvaret for dugnadane og gjer ein fin jobb, seier rektor Vidar Haugland.

Og det er elevrådet har kjøpt apparata. Eigentleg skulle det brukast 30.000-40.000 til ei hengebru, men den viste seg å verta altfor dyr og denne satsinga vart droppa. I staden vart pengane nytta til bordtennisborda og 'fugleburet'.

Av Ola Matti Mathisen